

## Nissedalssongen

Kom hit når dagen hallar ein stad der skuggen fell,  
framanfor tømmerveggen innunder Hægefjell.  
Skund deg med graset doggar og dropane tyngjer strå.  
Kom med det sòv ein sommar her mellom fjella blå.

*I dag blæs vinden på Nisser.  
I dag er morgonen sval.  
Kom la oss ro oss utpå  
og helse på Nissedal.*

Kom med det brenn ein ljoske, ennå blir dagar til.  
Drikk av den svale morgen og femne deg kva du vil.  
By fram dei friske hender, sjå deg eit tak å ta.  
Gjev oss din eigen ungdom, bøyg deg og strid deg glad.

*I dag blæs vinden på Nisser.  
I dag er morgonen sval.  
Kom la oss ro oss utpå.  
og helse på Nissedal.*

Kom med eit fang av draumar, gjev oss ein morgondag.  
Hent deg or jord og skogen sveitte og andredrag.  
Pengar og gull finn andre, livsglede hentar du.  
Kom, la oss leve dagar, byggje oss heim og bu.

*I dag blæs vinden på Nisser.  
I dag er morgonen sval.  
Kom la oss ro oss utpå.  
og helse på Nissedal.*

Tekst: Kjell Åsen  
Tone: Bjarne Torkildsen